



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Høyanger rådhus

Møtedato: 19.06.2015

Tid: 09:15

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0915 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 6.5.2015
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1000 Kommunereforma – status i fylket med tilbakemeldingar frå Sogn
Fylkesmann Anne Karin Hamre og prosjektleiar Kåre Træen, Fylkesmannen i
Sogn og Fjordane
- 1100 Framhald handsaming av saker
- 1130 Lunsj
- 1215 Kva er handlingsrommet innafor regelverket for innkjøp for å ivareta politiske
omsyn?
Innkjøpssjef Katrine Røkke Wilson, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 1250 Program for leverandørutvikling
Prosjektleiar Siri Stavang, NHO i Sogn og Fjordane
- 1315 Framtida for distriktsdrosjenæringa
Prosjektleiar Solfrid Fossberg, Sogn og Fjordane Taxiforbund
- ca 1345 Møtet slutt.

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
12/15	15/2064-2 Visit Sognefjord - søknad om støtte for 2015 og 2016
13/15	15/717-5 Orienteringssaker i Sogn regionråd

Sogndal, 8.6.2015

Harald N. Offerdal
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 15/2064

Arkiv: 223 U64

Saksnr.: Utval
 12/15 Sogn regionråd

Møtedato
 19.06.2015

Sak 12/15

Visit Sognefjord - søknad om støtte for 2015 og 2016

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 240 000 per år for 2015 og 2016 til Visit Sognefjord til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Vedlegg:

Søknad om støtte frå Visit Sognefjord
 Forretningsplan 2015-2019
 Budsjett 2015 med marknads- og tiltaksplan

Saksutgreiing:

Visit Sognefjord søker om eit tilskot på kr 240 000 pr år for 2015 og 2016 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Visit Sognefjord har frå 2013-2015 vidareført marknadsarbeidet frå reiselivslaga og gamle Visit Sognefjord. Forretningsplan for 2015-2019 og tiltaksplan med budsjett for 2015 er lagt ved søknaden. Marknads- og tiltaksplan med budsjett for 2016 vert basert på planen for 2015 og er klar innan 01.10.2015.

I grunnfinansieringa av selskapet inngår marknadsbidraga frå kommunane og næringa, tilskot frå regionrådet og fylkeskommunen, provisjonsinntekter, inntekter frå annonsekampanjer og prosjektfinansering, totalt kr 8 140 000 i 2015 og kr 8 230 000 i 2016.

Fylkeskommunen kjem til å redusera sitt bidrag fram mot 2018/2019, men det er ikkje avklart kor stor endringa blir. Det er lagt opp til auka næringsandel med 5% årleg auke i marknadsbidraga og auka annonse- og prosjektinntekter i perioden. Visit Sognefjord er avhengig av ekstern støtte for å halda oppe eksisterande aktivitetsnivå i perioden 2015-2018.

Næringsnettverket understreka i møtet med regionrådet 26. februar at reisemålsselskapet er viktig for regionen. Selskapet har aukande oppslutning og driv godt med marknadsføring og sal. Felles profilering er ein av strategiane i fylket sin

reiselivsplan for 2010-2025. Sogn regionråd har følgjande strategi i regionalplanen: Styrka nye Visit Sognefjord som verktøy for reisemålsutvikling i regionen. I tiltaksplanen for 2015 er tilskot til felles reiselivssatsing eitt av tiltaka. Det er sett av kr 240 000 til Visit Sognefjord i budsjettet for 2015, finansiert av regionale utviklingsmidlar - reiseliv. Med utgangspunkt i regionalplanen for 2013-2016 om å arbeida for å styrka Visit Sognefjord som verktøy for reisemålsutvikling tilrår administrasjonen å løyva kr 240 000 per år for 2015 og 2016. Tilskotet blir finansiert av regionale utviklingsmidlar.

Sogn Regionråd

Sogndal 1. juni 2015

Søknad om tilskot for 2015 og 2016

Visit Sognefjord AS søker om tilskot på kr. 240 000,- per år for 2015 og 2016 til internasjonal og nasjonal marknads-føring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Visit Sognefjord har frå 2013 – 2015 vidareført marknadsarbeidet frå reiselivslaga og gamle Visit Sognefjord. Vedlagt følgjer forretningsplan for 2015 - 2019 og tiltaksplan m/budsjett for 2015. Marknads- og tiltaksplan med budsjett for 2016 vert basert på planen for 2015 og er klar innan 01.10.15.

Hovudmålet til Visit Sognefjord er auke frå 630.000 til 690.000 gjestedøgn og bidrag til auka lønsemnd i reiselivsnæringa. Veksten skal kome heile året, med størst del på haust, vinter og vår. Visit Sognefjord sitt marknads- og utviklingsarbeid skal gi grunnlag for høgare omsetning, lønsemnd og sysselsetting i regionen, i tillegg til forsterka omdømme som bu-, arbeids- og opplevingsregion (ref. § 3 «Føremål» i vedtektene). Overordna vekstmål fordelt på årsperiode og nasjonalt/internasjonalt marked:

	2014 Norge	2019 Norge	Auke Gj.dg.	% auke	2014 Utland	2019 Utland	Auke Gj.dg.	% auke	2019 Sum	Sum auke	% auke
Mai	27.000	35.500	8.500	5%	21.750	25.200	3.450	3%	58.500	9.750	5%
Sommar	130.000	175.000	45.000	6%	238.000	318.000	80.000	6%	465.000	97.000	6%
Sept.	23.000	26.000	3.000	2,5%	21.300	24.000	2.700	2,5%	48.900	4.600	2,5%
Okt.	13.000	16.600	3.600	5%	4.670	6.860	2.190	8%	22.275	4.484	6%
Vinter	42.000	49.100	7.100	6%	10.000	13.350	3.350	6%	60.100	8.100	6%
Sum:	235.000	302.200	67.200	5,7%	295.720	387.410	91.690	6,2%	689.610	158.890	6%

Tabell: Auke i gjestedøgn per måned og sesong i perioden 2015 – 2018 med gjennomsnittleg %-vis auke per år

Selskapet har følgjande finansieringsplan frå 2015 – 2019 (uavklara postar merka med raudt):


Inntekt (netto)	Prospekt 2014	Avvik P14 - 15	2015	2016	2017	2018	2019
Kommunane	3.465.000	+135.000	3.600.000	3.690.000	3.780.000	3.877.000	3.974.000
Næringa	2.100.000	-100.000	2.000.000	2.100.000	2.205.000	2.315.000	2.430.000
Regionrådet	240.000	0	240.000	240.000	240.000	240.000	240.000
Fylkeskommunen	1.500.000	-250.000	1.250.000	1.100.000	950.000	800.000	800.000
Provisjon	1.200.000	-850.000	350.000	350.000	400.000	450.000	500.000
Annonsering	900.000	-550.000	350.000	400.000	450.000	500.000	550.000
Prosjekt	600.000	-250.000	350.000	350.000	350.000	350.000	350.000
Sum:	10.005.000	-1.865.000	8.140.000	8.230.000	8.375.000	8.532.000	8.844.000

Det er lagt opp til auka næringsandel med 5% årleg auke i marknadsbidraga og auka annonse- og prosjektinntekter i perioden. Samstundes kjem fylkeskommunen til å redusere sitt bidrag fram mot 2018/2019, men det er ikkje avklart kor stor endringa vert. Dette gjer at Visit Sognefjord framleis er avhengig av ekstern støtte for å halde oppe eksisterande aktivitetsnivå i perioden 2015 – 2018.

Me vonar på positiv handsaming av søknaden.

Beste helsing,

Visit Sognefjord AS



Ståle Brandshaug
reiselivsdirektør

Vedlegg:

- Forretningsplan 2015 – 2019 (word-fil – endeleg layout klar hausten 2015)
- Budsjett 2015 med marknads- og tiltaksplan

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 15/717

Arkiv: N10

Saksnr.: Utval
 13/15 Sogn regionråd

Møtedato
 19.06.2015

Sak 13/15

Orienteringssaker i Sogn regionråd

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
 - Kva meiner regionrådet at næringsnettverket i Sogn skal arbeida med? (vedlegg)
2. Innspel frå medlemmane:
 - Stortingsmelding – nye oppgåver til kommunane/framtidige linjetilbod i vidaregåande skule i fylket.
3. Arbeidsgruppene (helse-, samferdsle- og næringsutviklings-/RUP-gruppe)
4. Programstyret System for styrka læring:
 - Entreprenørskapsmessa i Sogndal 6.5.2015
 - Samarbeidsavtale med Sunnhordland (vedlegg)
 - Orientering om status i arbeidet med psykisk helse
 - a) Tilskot kr 250 000 frå Fylkesmannen og kr 50 000 fylkeskommunen
 - b) Regionalt forskingsfond
 - c) Psykologstillingar knytt til folkehelsearbeidet
5. Rådmannsgruppa
6. Administrasjonen
 - Prosjekt felles PPT i Sogn – Samarbeidsavtale og intensjonsavtale om pedagogisk-psykologisk kompetansemiljø (vedlegg) er sendt til deltakarkommunane
 - Bustadutvikling – oppsummering av temadag og vegen vidare (vedlegg)
7. Kommunereforma
 - Status i fylket med tilbakemeldingar frå Sogn
 Fylkesmann Anne Karin Hamre og prosjektleiar Kåre Træen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
 - Faktautgreiing frå Telemarksforsking, 1.6.2015 – drøfting
8. Kva er handlingsrommet innafor regelverket for innkjøp for å ivareta politiske omsyn?
 Innkjøpssjef Katrine Røkke Wilson, Sogn og Fjordane fylkeskommune
9. Program for leverandørutvikling

Prosjektleiar Siri Stavang, NHO i Sogn og Fjordane

10. Framtida for distriktsdrosjenæringa
Prosjektleiar Solfrid Fossberg, Sogn og Fjordane Taxiforbund

Skriv og meldingar:

1. Nye retningslinjer for tilskotsmidlar til regionråda 2015 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, 7.5.2015



Referat

Møte Sogn regionråd og næringsnettverket i Sogn

Møtedato/-stad: 26. februar 2015, Bergen

Deltakarar: Ordførarane: Harald N. Offerdal (Balestrand), Noralv Distad (Aurland), Petter Sortland (Høyanger), Olav Lunden (Leikanger), Ivar Kvalen (Luster), Jan Geir Solheim (Lærdal), Jarle Aarvoll (Sogndal), Marta Finden Halset (Vik) og Arild Ingar Læg Reid (Årdal)
Næringsjefane: Arve Tokvam (Lærdal), Johannes Sjøtun (Balestrand), Terje Søreide (Høyanger), Per Holen (Leikanger), Olav Grov (Luster), Per-Odd Grevsnes (Sogndal) og Terje Laberg (Årdal).
Dagleig leiar: Karina Nerland, referent

Aktuelle saker i næringsnettverket

Næringsnettverket i Sogn orienterte generelt om korleis nettverket jobbar. Tiltak som nettverket jobbar med og som er nedfelt i regionrådet sin tiltaksplan er: a) forum for nye og etablerte bedriftsskappar og b) fagleg samling om finansieringsordningar for bedriftsetableringar

Andre saker som næringsnettverket jobbar med og har drøfta:

Flyplass

Finansiering av prosjektering av hangar til nattstasjonert fly har vore drøfta. Kommunane får om kort tid søknad frå Avinor om midlar.

Næringsjefane kjem til å kontakta aktuelle bedrifter for å kartleggja deira interesse for å gå inn med eigenkapital for bygging av hangar.

Temadag om bustadutvikling

Programmet bør ta med innleiar frå aktuelle firma/entreprenørar som driv med bustadutvikling.

Lokal verdiskaping av skogressursane

Mykje hogstmoden skog er tilgjengeleg. Korleis få meir lokal verdiskaping i skogressursane er diskutert. Aktuelle tiltak er ein temadag og studietur til Växsjö i Sverige.

Visit Sognefjord

Reisemålselskapet er viktig for regionen. Selskapet har aukande oppslutning og driv godt med marknadsføring og sal. Det er etablert lokale ressursgrupper med representantar frå kommunane. Første treårsperiode er snart over. Det er viktig at kommunane bidreg med marknadsbidrag som før og at ikkje bidraga frå kommunane blir redusert. Det vil bli endringar

for turistinformasjonen. Turistane finn informasjon dei treng på nettet og færre oppsøker no turistinformasjonane.

Kva meiner ordførarane at næringsnettverket skal arbeida med?

Til no har nettverket i stor grad vore arena for erfaringsutveksling. Problemstillinga teke opp i møtet: Kva bør næringsnettverket engasjera seg i? Innspel som kom i møtet:

- Om nettverket kan gjera oppgåver for kvarandre og få betre koordinering mellom kommunane
- Er kommunane innovative nok?
- Kan nettverket gjera meir i lag og kan ein utnytte kvarandre betre?
- Nettverket bør arbeida med å kople næringslivet på tvers av kommunegrensene og leggja til rette for at bedrifter frå fleire kommunar møtest på tvers.
- Innkjøp vart teke opp som aktuelt tema ev. til eit regionrådsmøte
- Regionrådet ønskjer at nettverket vidareutviklar samarbeidet og har fokus på det som kan gjerast i lag og som kan styrka regionen
- Regionrådet tek ei drøfting på eventuelt fleire innspel til kva nettverket bør jobba med, og vil koma tilbake til næringsnettverket med aktuelle område/tema.



Referat

Møte i næringsnettverket

Møtenummer: 2/15

Deltakarar: Arve Tokvam, Per-Odd Grevsnes, Olav Grov, Johannes Sjøtun, Odd Rune Turvoll, Per Holen, Terje Søreide og Karina Nerland. Forfall: Terje Laberg.

Fylkesmannen: Assisterande fylkesmann Gunnar O. Hæreid
Skatteetaten – Skatt Vest: Gunnstein Flugheim

Møtedato: 13.5.2015

Møtestad: Statens Hus, Leikanger

Referent: Karina Nerland

Bedriftsbesøk

Assisterande fylkesmannen Gunnar Hæreid orienterte om Fylkesmannen si organisering, ansvarsområde og arbeidsoppgåver, med særskilt fokus på Sogn og Fjordane. Det vart også informert om Fylkesmannen si rolle når det gjeld næringsutvikling.

Skatteetaten - Skatt Vest v/Gunnstein Flugheim orienterte om skatteetaten si verksemd både nasjonalt og i Sogn og Fjordane, med fokus på dei endringane som har skjedd og vil skje i tida framover.

Lufthamnstruktur

- Status tilskot til prosjektering av hangar: 8 av kommunane har løyvd midlar. Lærdal vil bli avklart i byrjinga av juni. Rådet har garantert for midlar slik at prosjekteringa kan starta i mai. Avinor må senda betalingsoppmoding til kommunane med kontronr.
- Status interesseutval, selskapsstruktur og finansiering: Liten respons på interesseutval til no. Positive signal om finansiering og nokre har meldt frå at dei vil bidra. Næringsnettverket vil arbeida for at private bedrifter bidreg med midlar, og ein aksjemodell er aktuell. Ev. offentleg /kommunal finansiering vil kunne vurderast seinare.
- Vidare arbeid for næringsnettverket: Per-Odd og Karina arbeider vidare med finansieringsplan. Næringsnettverket kontaktar på nytt aktuelle bedrifter for å høyra om dei kan bidra med eigenkapital når finansieringsplanen er klar.

Kva fokusområde skal næringsnettverket ha framover?

Tema vart drøfta med regionrådet i Bergen 26. februar. Nettverket kan kome med forslag til tema/aktuelle samarbeidsområde. I tillegg kan rådet melda inn kva dei ønskjer at næringsnettverket skal arbeida med. Det er eit potensiale i næringsnettverket utover erfaringsutveksling. Bør nettverket bidra meir på tvers av kommunane, ha ei meir aktiv rolle mot regionrådet og initiere fleire fellesprosjekt? Dette må i så fall avklarast frå rådet.

Det kan leggjast opp til at næringsnettverket ein gong i året møter regionrådet og at ev. leiar deltek jamnleg. Det kom forslag om at i løpet av første halvår etter konstituering kan det setjast av tid i regionrådsmøte om nærings saker med alle nærings sjefane.

Bustadutvikling

Kva rolle kan næringsnettverket ha i det vidare arbeidet, med bakgrunn i innlegg og drøftingar under temadagen på Leikanger 21. april? Mykje av arbeidet vil vera eit kommunalt ansvar – men ein del kan også samarbeidast om regionalt (t.d. kompetanseoverføring, Husbanken sine virkemidlar, organisera i fellesskap, bustadbyggelag, strategiarbeid). M.a. viste Husbanken til at kommunane i Sogn ikkje bruker virkemidlane godt nok.

Det er behov for gjennomgangsbustader i regionen. Johannes lagar notat om korleis dei gjer det i Balestrand.

Forretningsområde for ny aktivitet i regionen

Finst det behov i ei bedrift som utløyser behov i ei anna bedrift? Lærdal har gjort ei kartlegging som dei kan fortelje om seinare. Tema blir teke opp og konkretisert i neste møte .

Diverse saker

- Gründercamp: Per-Odd orienterte om planane. Meir info kjem seinare. Aktuell dato er 28. august.
- Lærlingeordninga: Næringsssjefane kan invitera Sogn opplæringskontor.
- Skog : Fylkesmannen er innstilt på å bidra med kr 500 000 i tre år, og endeleg avklaring vil koma i juni. Prosjektstilling vil bli lyst ut til næringsutviklingsoppgåver (ikkje forvaltning). Studietur Växsjö vil bli diskutert seinare.
- Offentlege arbeidsplassar: Vurdera å etablera eit prosjekt knytt til offentlege arbeidsplassar.
- Firma som ynskjer å presentera tenester til næringsnettverket: Ulike synspunkt. Det kan vera betre at bedriftene blir invitert og får møte kundar.
- Cruise: Høyanger ønskjer å inngå samarbeid med Flåm as.
- Karrieremesser – evaluering: Næringsnettverket ønskjer å vri messene mot gründerar og at vi er enno meir aktive for å få gründerar til å etablera seg. Ønskjer ein regionstand med gründerar. Viktig at messedatoane ikkje blir lagt til studentane sine feriar, andre messer osv. Invitera Framtidsfylket til neste møte.
- Nyhende framtidsfylket.no: Neste nyhende kjem frå Balestrand, deretter Luster. Andre kommunar kan kome med sine forslag etterkvart. Karina koordinerer.
- Verktøyet Buisunnfjord.no: Framtidsfylket kjem til å knytta løysinga til sine nettsider. Det er lagt opp til at regionrådet og kommunane vurderer verktøyet i tida framover.
- Nettverk for entreprenørskap 16. september : Næringsnettverket kan kome med innspel til utforming og innhald av nettverksdagen.

Neste møte blir i Balestrand. Dato vert fastsett seinare.



Samarbeidsavtale mellom Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS) og Sogn regionråd

Bakgrunn og føremål

Forum for Oppvekst i Sunnhordland er eit interkommunalt samarbeidsorgan for seks av kommunane i Hordaland; Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Sogn regionråd er eit interkommunalt selskap eigd av Høyanger, Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal, Aurland og Årdal.

Både i Sunnhordland og i Sogn vert det arbeidd målretta med barnehage- og skuleutvikling på regionalt nivå. I eit slikt utviklingsarbeid er det føremålstenlig å ha ein langsiktig samarbeidspartnar. Både FOS og Sogn regionråd er tente med å samhandle med ein regional utviklingsaktør på kommunenivå utanfor eige fylke. Vi treng andre impulsar, ny inspirasjon og gode idear i eit kollegialt og horisontalt perspektiv. Hovudføremålet med samarbeidet er å gjensidig skape, dele og bruke ny kompetanse og kunnskap som gir vekst og utvikling til barnehagar og skular.

Oppgåver og tiltak

Dei viktigaste oppgåvene vil vere å:

1. Byggje relasjon mellom aktørane i dei to regionane.
2. Bidra til prosessar og aktivitetar som kan skape, dele og føre til bruk av ny kunnskap – og klokskap.
3. Informere, orientere og utfordre kvarandre på tiltak som kan styrke utviklinga for barnehagar og skular.
4. Hjelp kvarandre til å organisere og gjennomføre studieturar, hospitering, barnehage- og skulevandring i dei to regionane.
5. Informere og orientere kvarandre om potensielt gode samarbeidsaktørar, kvalitetssikring av førelesarar og andre eksterne bidragsytarar, tipse kvarandre om potensielle finansieringskjelder og aktørar som kan bidra utan større omkostningar.

Økonomi og forvaltning

Når det gjeld økonomi og forvaltning gjeld desse punkta:

1. Vi tek ikkje honorar frå kvarandre, når vi deltek som førelesarar på arrangement. Den aktøren som inviterar dekkjer kostnader til transport og losji.
2. Tilsette og deltakarar frå Sogn og FOS deltek på same økonomiske vilkår, når det gjeld dagpakkar på hotell, kostnader til førelesningar osv.
3. Spreiing av kunnskap og informasjon. Ved diverse søknader til ulike instansar er det ofte eit vilkår om korleis søkjar aktar å spreie informasjon og kunnskap. Denne samarbeidsavtalen vil underbygge slike krav, og dermed styrke ulike søknader.
4. Dagleg leiar for FOS og programleiar i System for styrka læring har hovudansvaret for kontakt og dialog mellom Sunnhordland og Sogn.

Verknad

Samarbeidsavtalen gjeld frå 19. juni 2015 og fram til ein av partane gjer vedtak om å seie opp avtalen.

Sogndal/ Stord, 19.06.2015

Ivar Kvalen
Ordførar i Luster kommune
Programleiar i System for styrka læring

John Karsten Raunholm
Skule- og barnehagesjef i Fitjar kommune
Styreleiar Forum for Oppvekst i Sunnhordland

Intensjonsavtale om eit pedagogisk-psykologisk kompetansemiljø

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) ved Avdeling for lærarutdanning og idrett og Sogn regionråd inngår intensjonsavtale om eit pedagogisk-psykologisk kompetansemiljø for å styrkja og byggje kompetanse i barnehagane, skulane og PP-tenesta.

Bakgrunn

Kommunane i Sogn regionråd har vedteke eit langsiktig barnehage- og skuleutviklingsprogram "System for styrka læring", for perioden 2013 – 2021. Høgskulen er formell deltakar i programstyret. Det overordna målet er å styrke læringsutbytte for alle barn og elevlar. Vi har seks satsingsområde i programmet; systemisk læring/ lærande organisasjon, entreprenørskap, tidleg innsats, vurdering for læring, motivasjon og meistring og psykisk helse.

Over 50% av studentane som tek utdanning i regi av HiSF blir verande i Sogn og Fjordane. Eit tett samarbeid mellom Sogn regionråd og HiSF vil difor gje vinn – vinn effekt for HiSF, kommunane, studentane, barna og elevane i eit langsiktig perspektiv. Vi har eit regionalt handlingsrom til å finne fram til organisatoriske løysingar som styrkar opplæringsstilbodet. Eit felles pedagogisk psykologisk kompetansemiljø vil vere ei organisatorisk nyvinning som styrkar alle aktørane innan oppvekst- og utdanningsområdet. Vi har tradisjon for at slike symbiosar er fruktbare i Sogn.

Konkrete samarbeidsområde

1. Eit formalisert samarbeid mellom HiSF og kommunane skal bidra til å byggje, rekruttere og vidareutvikle kompetanse som barnehagane, skulane og kommunane treng innanfor breidda av både dei allmenn- og spesialpedagogiske fagfelta.
2. Behalde fagpersonar som kan arbeide innanfor både oppvekstsektoren, den tradisjonelle pp-tenesta, samt forskings- og undervisningsarbeid i regi av HiSF.
3. Lage ei organisatorisk løysing med eit attraktivt kompetansemiljø som vil styrke oss i prosessane ved å rekruttere fagpersonar innan spennvidda av stillingar i oppvekstområdet.
4. Systematisk samarbeid om å lage tilbod til barnehagelærarar og lærarar slik at dei kan ta formell vidareutdanning innan område kommunane og pp-tenesta har trong for.
5. Utvikle eit system som styrkar den systemiske samanhengen mellom praksisbarnehagane og praksisskulane – og utdanningane innan barnehage, skule, sosionom, vernepleiar, barnevernspedagog og masterstudiet i spesialundervisning.
6. Rettleiing av studentar og lærarar i praksisbarnehagane og praksisskulane.
7. Eit tett formelt samarbeid mellom fagpersonane innan det pedagogiske psykologiske området og forskarane/ fagmiljøet ved HiSF vil kunne byggje ei fagleg spisskompetanse på oppvekst- og utdanningsområdet. Ei tettare relasjon mellom praksisbarnehagane, praksisskulane, dei ulike utdanningsområda og spesielt mastergradsstudiet i spesialundervisning – vil kunne gje kommunane og HiSF høve til å utvikle spisskompetanse.

Sogndal, 5/5 - 2015



Rasmus Stokke
Høgskulen i Sogn og Fjordane
dekan



Karina Nerland
Sogn regionråd
dagleg leiar



Bustadutvikling

Oppsummering av temadagen 22. april 2015

Temadagen om bustadutvikling handla om dei gode grepa for betra bustadtilbod og kva som kan gjerast for å få meir variert og attraktiv bustadmarknad. Det kom mange innspel frå innleiarar og frå deltakarane på kva kommunane kan gjere kvar for seg og kva kommunane kan gjera ilag for å styrka bustadmarknaden. Dette notatet oppsummerer temadagen og er grunnlag for regionrådet sine vurderingar for vidare arbeid.

Analysen som vart laga i fjor viser at bustadmarknaden er ein av fleire faktorar som spelar inn når det dreier seg om kor attraktive kommunane i Sogn er for innbyggjarane og potensielle tilflyttarar. Det er eit mistilhøve mellom etterspurnad og tilbod på den lokale bustadmarknaden og at prøvebustader og leilegheiter i stor grad er fråverande. Fylkeskommunen er opptekne av bustadutvikling som ledd i samfunns- og næringsutvikling og understreka behovet for gjennomgangsbustader.

Husbanken har mange verkemiddel som kommunane blir oppmoda om å bruka meir. Hamarøymodellen vart trekt fram som døme på kommune-privatsamarbeid der dei gjekk frå prat til handling. Kommunane vart utfordra til å bruke det kommunale handlingsrommet, tenkje langsiktig og få til meir samarbeid om bustadutvikling. "Flytt til Hardanger" er døme på regionalt samarbeid der kommunane har laga felles strategiar for bustadutvikling.

Bustadpreferansar hos spesifikke målgrupper var tema for Distriktsenteret si innleiing. Det vart trekt fram døme på tre kommunar som har jobba bevisst for å treffe desse målgruppene: Ullensvang lukkast å få fleire utleigebustader med tilskot til oppussing, Stjørdal satsa på rimelegare bustader for unge i etableringsfasen og Iveland utvikla sentrum med fokus på berekraft.

To av kommunane delte sine erfaringar: Luster kommune om prosjektet Folk i fleire hus og Balestrand si satsing som har resultert i 8-12 leiligheiter sentralt i Balestrand. Utbyggjar er Nordbohus og dei vurderer samarbeidet som vellukka. Boligbyggelag er modell for å få meir variert bustadtilbod i distrikta og Årdal boligbyggelag delte sine erfaringar. Buforma er god løysing for dei som ønskjer å bu sentralt og rimeleg.

Fleire tiltak vart teke opp i innleiingane og i diskusjonane. Nedanfor følgjer oppsummering som grunnlag for diskusjon for aktuelle tiltak og oppfølging framover:

Regionale nettverk

Nettverka kan vera ein nyttig arena for kompetanseutvikling og erfaringsutveksling, særleg for små fagmiljø i mindre kommunar. Næringsnettverket i Sogn er alt etablert og nettverk for planleggjarar er under etablering. Begge nettverka kan vera aktuelle fora for å drøfta bustadpolitikk, felles utfordringar, erfaringsutveksling og aktuelle tiltak /samarbeidsområde. Å bruke nettverka som arena for drøftingar er i tråd med Husbanken sitt råd om å samarbeida kommunane imellom. Nettverka kan invitera andre aktørar som fagressurs og deltakarar (t.d. Husbanken, fylkeskommunen, fylkesmann, Distriktsenteret). Konkrete oppgåver til dømes til næringsnettverket kan vera å vurdere ulike finansieringsmodellar for å få fleire leilegheiter og fleire utleigebustader (til dømes fleire utleigebustader med tilskot til oppussing, rimelege bustader for unge i etableringsfasen, boligbyggelag).

Bustadpolitiske strategiar

Sjølv om kommunane konkurrerer om innbyggjarane vil vi som region stå sterkare om vi samarbeider, noko som Husbanken også understreka. Med felles strategiar vil kommunane kunne identifisera og debattera sentrale faktorar innan bustadmarknaden og slik bidra til heilskapleg tenking og prioriteringar. Utarbeiding av bustadpolitiske strategiar kan vurderast i samband med tiltaksplanen for 2016.

Informasjon om Husbanken sine verkemiddel

Husbanken oppmoda oss om å utnytte Husbanken sine økonomiske verkemiddel. Kommunane bør ha ekspertar på verkemidla. Det kan jamleg t.d. årleg haldast regionale samlingar for å informera om Husbanken sine ordningar. Aktuelle tema er grunnlån, startlån, og bustadtilskot og bustøtte. Målgruppa er tilsette i kommunane som arbeider med Husbanken sine verkemiddel.

Politisk og administrativ forankring /prioritering

Kommunane har framleis ein rekke verkemiddel for å stimulera til bustadbygging. Kommunane bør drøfta kva bustadpolitisk rolle kommunen skal ha. Bustadpolitisk plan er aktuelt for kommunane å vurdere i samband med kommunal planstrategi, og bustadpolitisk plan må forankrast i kommuneplanen. Kommunane Balestrand og Luster har bustadplanar og kan dela av sine erfaringar. Bustadpolitikk kan vera aktuelt tema å orientera/drøfta i regionrådet. Husbanken sine ordningar bør jamleg vera tema i regionrådet.

Bustadbyggelag

Modellen kan brukast for å få fleire inn på bustadmarknaden. Denne modellen har meir eller mindre forsvunne i distrikta, men spørsmålet er om den ikkje bør revitaliserast. Dette er gjerne mindre leilegheiter i blokk eller småhus og bustader med ein noko rimelegare standard. Det er rimeleg felleslån som regel finansiert av Husbanken. Vi kan henta mykje kunnskap frå dei bustadbyggelaga som er i regionen (t.d. Årdal boligbyggelag).

Samarbeid mellom kommunane, utbyggjarar og næringsliv

Husbanken oppmoda kommunane om å vise investeringsvilje, tenkje langsiktig og bruke det kommunale handlingsrommet. Det er behov for leilegheiter, startbustader og gjennomgangsbustader. Balestrand har gode erfaringar med å samarbeida med Nordbohus, og deler sine erfaringar med andre kommunar.

Tilråding til regionale samarbeidstiltak:

- Styrka samarbeidet ved at dei regionale nettverka drøftar bustadutvikling og aktuelle tiltak for variert bustadmarknad
- Felles overordna bustadpolitikk og bustadpolitiske strategiar
- Vurdera portal som mellom anna viser bustadtilbodet i regionen
- Regionale samlingar for tilsette i kommunane om Husbanken sine ordningar
- Bustadpolitikk og aktuelle verkemiddel for å stimulera til bustadbygging bør vera tema på regionrådsmøte
- Vurdera aktuelle tiltak i samband med rullering av tiltaksplan for 2016

Sogndal, 8.6.2015

Dagleg leiar Karina Nerland

Til regionråda

Nye retningslinjer for tilskotsmidlar til regionråda 2015

Sogn og Fjordane fylkeskommune har budsjettert med kr 550 000 til kvar av Regionråda i 2015. Fylkeskommunen vil nytte statlege tilskotsmidlar løyvd i statsbudsjettet 2015, kap. 551, post 60 til føremålet. Dette inneber at regionråda må bruke og rapportere på desse midlane i samsvar med retningslinjer gjeve av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Retningslinjer for bruk av midlane

Vedlagt følgjer «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler». Nokon av hovudpunkta i forskrifta følgjer her:

- Det er eit krav at midlane skal nyttast til prosjekt eller tiltak som er tidsavgrensa.
- Prosjektet/tiltaket skal sannsynleggjere distrikts- og regionalpolitisk verknad
- Tilskotet skal ha utløysande effekt.

Det er i forskrifta også gjeve nærare detaljar om kva som ikkje kan dekkast med desse midlane, til dømes vanlege driftsoppgåver.

Søknad og rapportering

Sidan fylkeskommunen no for fyrste gong nyttar statlege midlar som tilskot til regionråda, vil vi i denne omgang ikkje krevje søknad og rapportering direkte gjennom Regionalforvaltning.no slik det står omtalt i forskrifta. Vi vil kome attende til korleis dette skal gjerast for seinare år dersom ordninga vert oppretthalden.

Tilskotsmottakar (regionråda) må føre separat prosjektrekneskap for bruk av midlane. Rekneskapen skal kunne samanliknast med budsjett. Alle inntekter og kostnader med prosjektet/tiltaket skal takast med.

Utbetaling

Vi har tidlegare hatt avtale om at støtta til regionråda har blitt utbetalt fullt ut ved signering av kontrakt/avtale. Dette vert no endra slik at 25 % av tilskotet vert halde att til prosjektet/tiltaket er avslutta og sluttrapport og revisorattestert prosjektrekneskap er godkjent av fylkeskommunen.

Vi beklagar at ovannemnde retningslinjer vert formidla litt seint på året, men vonar likevel at det er mogleg for dykk å tilpasse arbeidet til dei nye retningslinjene.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
Fylkesdirektør plan og samfunnsavdelinga

Stig Vattekar
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Regionrådet i HAFS c/o Lutelandet Utvikling 6963 DALE I SUNNFJORD
Nordfjordrådet Stryn kommune, Tonningsgata 4 6783 STRYN
Samarbeid i Sunnfjord, SIS v/Førde kommune Postboks 336 6802 FØRDE
Sogn Regionråd Postboks 153 6851 SOGNDAL

Kopi til: